

---

**Fra:** noreply@regjeringen.no  
**Sendt:** 14. juni 2016 09:50  
**Til:** postmottak SD  
**Emne:** Nytt h ringssvar til 16/485 - H ring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

**Referanse:** 16/485  
**H ring:** H ring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029  
**Levert:** 14.06.2016 09:49  
**Svarstype:** Med merknader  
**Kontakt avsender:** Stord kommune  
**Kontaktperson:** Ove Kvalnes  
**Kontakt-e-post:** [Ove.kvalnes@stord.kommune.no](mailto:Ove.kvalnes@stord.kommune.no)  
**Tittel:** NTP 2018 - 2029 - H ringssvar fr  Stord kommune

**Uttalelse:**

Stord kommune v/ formannskapet vedtok i m te 08.06.2016   gj  slik uttale til grunnlagsdokumentet for NTP 2018 – 2029:

### **E39, kyststamvegen p  strekninga Stavanger - Bergen**

Stord kommune meiner realisering av ferjefri kyststamveg E39 m  vera ei sv rt viktig arbeidsoppg ve framover. Kommunen ser det som positivt at delstrekningane  dland-Svegatj rn (Hordfast) og V g-Heiane mellom Stavanger og Bergen er med i grunnlagsdokumentet. Kommunen ber om at delstrekninga  dland-Svegatj rn f r priorit t slik at byggestart kan skje s  tidleg som mogleg i perioden.

Men Stord kommune saknar strekninga Heiane- dland i grunnlagsdokumentet og meiner det m  vera ein feil at denne strekninga ikkje er omtalt i det heile; korkje under prosjektportef lgjen basert p  samfunns konomi i tabell 29, under prosjektportef lgjen basert p  samfunns konomi, samfunnssikkerhet og sammenhengende standard og utbygging i tabell 30 eller under omtalen av nye prosjekt p  side 212 og 213. Stord kommune meiner denne strekninga og m  med i NTP 2018-2029 og med priorit t slik at bygging kan skje tidlegast mogleg i f rste del av perioden.

Stord kommune har grunn til   tru at det m  vera ein glipp n r det berre er denne strekninga langs E39 p  strekninga Stavanger-Bergen som ikkje er nemnd nokon plass i grunnlagsdokumentet. Stord kommune har gjennom presentasjon fr  vegvesenet av grunnlagsdokumentet registret ein usikkerheit om denne strekninga var med eller ikkje. Men det er no avklart at strekninga Heiane- dland ikkje er ein del av strekninga  dland-Svegatj rn (Hordfast) som er med i prosjektportef lgjen b de i tabell 29 og i tabell 30 til ein kostnad p  39 milliardar kroner.

Kommunestyret vedtok kommunedelplanen for strekninga 28.04.2016. Sidan det ligg føre motsegn til det alternativet kommunestyret vedtok er planen sendt vidare til fylkesmannen som vil senda planen over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg vedtak. Kommunen har all grunn til å rekna med at departementet vil ha gjort endeleg vedtak om alternativ 4 eller alternativ 5 i løpet av hausten 2016. Statens vegvesen har rekna utbyggingskostnaden for alt. 4 til 2.416 mill.kr og alt 5 til 2.713 mill.kr. Stord kommune meiner ein må kunna leggja til grunn at nødvendig plangrunnlag vil liggja føre i god tid før Nasjonal transportplan skal vedtakast av Stortinget våren 2017. Kommunen ber om at ein inntil det ligg føre endeleg vedtak legg kostnaden for alt. 5 til grunn i plandokumentet.

Då Stortinget vedtok inneverande NTP i 2013 vart strekninga Heiane-Ådland teken med som ein prioritert strekning på grunn av behov for tiltak på ein sterkt trafikkert og ulykkesutsett strekning. Den ca. 7,6 km lange strekninga går gjennom/forbi sentrums- og næringsområda på Stord. Årsdøgntrafikken på strekninga er ca 14000. Mestedelen av trafikken er lokaltrafikk, men stordelen av tungtrafikken er gjennomgangstrafikk mellom Stavanger-/Haugesundsområdet og Bergensområdet. Strekninga har i dag 7 sterkt trafikkerte og ulykkesutsette kryss som vil verta erstatta med 2 kryss og i stor grad skilja gjennomgangstrafikken og lokaltrafikken.

Å byggja ny E39 på denne strekninga slik planane er vil oppfylle viktige mål og satsingar slik dei er nedfelt i grunnlagsdokumentet:

Å utvikla eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet

Satsing på samordna areal- og transportplanlegging, kollektivtrafikk og sykkelekspressveggar

Tiltak for å auka sikkerheten i transportsystemet i tråd med nullvisjonen

Å få på plass den nye E39 på denne strekninga vil vera svært viktig for vidare utvikling av kommunen.

Prognosane viser at trafikken av personbilar, bussar og tunge køyretøy vil auka. Når Rogfast, Svegatjørn-Os og Hordfast står ferdig, vil trafikken mellom Stavanger og Bergen truleg auka ut over prognosane. All denne trafikken skal passera strekninga Heiane-Ådland. Kommunen meiner det vil vera svært uheldig å venta med denne strekninga. Kommunen meiner Heiane-Ådland må ha prioritet etter Svegatjørn-Rådal og Rogfast.

Stord kommune meiner det må setjast av midlar til strekninga Heiane-Ådland i første del av perioden. Det vil liggja føre vedteken kommunedelplan i løpet av hausten 2016 og ein kan gå i gang med reguleringsplanarbeid og prosjektering så snart strekninga er prioritert og det er løyvd planleggingsmidlar.

Stord kommune vil og peika på at strekninga Hageberg-Sandvikvåg langs noverande E39 i Fitjar kommune må med i NTP og med prioritet slik at den kan byggjast i første del av perioden. Strekninga er ca. 3,1 km, det ligg føre godkjent reguleringsplan og bygging kan ta til så snart det er løyvd midlar til fullføring av denne attståande delen av E39 fram til Sandvikvåg.

Strekninga manglar fullgod tofeltsveg og tilbod for gåande og syklande og vil vera del av kyststamvegen fram til Hordfast er ferdig.

### **E134 Haukelivegen**

E134 Haukelivegen er det andre viktige hovudvegsambandet for kommunen og regionen. Kommunen meiner strekningane Røldal-Seljestad, Vågslid-Røldal og Bakka-Solheim må med i neste NTP og med prioritet slik at bygging kan ta til så tidleg som mogleg i perioden.

Kommunen ber og om at NTP legg inn at det skal gjennomførast KVU for arm til Bergen som omfattar både ei utgreiing av Sunnhordlandsdiagonalen (via Etne/Kinnherad/Tysnes) og Hordalandsdiagonalen (via Odda/Jondal/Kvam).

### **Klima**

Kommunestyret er nøgd med at NTP 2018-29 har ein ambisiøs klimastrategi. Denne må følgjast opp med ein klår strategi for infrastrukturtilrettelegging for fornybar energi i transportsektoren, inklusive verkemiddel for marknadsutvikling og –utrulling for til dømes hydrogen.

Formannskapet viser elles til uttale frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland og sluttar seg til det rådet skriv om fiskerihamner på Bømlo og i Austevoll.

**Vedlegg:**

-